



Tekniske Løsninger AS  
Daglig leder/adm.direktør Åse-Helen Holm  
Nordstrandvegen 6  
5265 YTRE ARNA

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 20/8792 - 20/60093

Saksbehandlar:  
Astrid Riise  
astrid.riise@alver.kommune.no

Dato:  
24.09.2020

## Vedtak om pålegg om fjerning av påbegynt tiltak og om illegging tvangsmulkt - gbnr 336/96 Ådland nordre

**Administrativt vedtak:** Saknr: 997/20  
**Tiltak:**  
**Byggjestad:** Gbnr: 336/96  
**Tiltakshavar:** Åse-Helen Holm  
**Ansvarleg søkjar:** Tekniske Løsninger AS

### VEDTAK:

Med heimel i plan- og bygningslova § 32-3 første ledd og andre ledd vert det fatta vedtak om pålegg om fjerning av den delen av tiltaket som er bygd. Med heimel i pbl § 21-9 tredje ledd andre setning vert det fatta vedtak om at eigedommen skal ryddast, og tilbakeførast til slik den såg ut før tiltaket vart satt i gong. Frist for retting blir satt til 20.03.2021.

Med heimel i plan- og bygningslova § 32-3 tredje ledd, jf. § 32-5 vert det fatta vedtak om illegging av tvangsmulkt, i form av ei eingongsmulkt på kr. 20 000,-, i tillegg til ei dagmulkt på kr. 200,- dersom det ulovlege tilhøvet ikkje vert retta opp, og kommunen ikkje har motteke biletdokumentasjon på dette innan 20.03.2021. Tvangsmulka startar å løpe frå og med 01.04.2021.

### Saksutgreiing

Vi viser til førehandsvarsel om pålegg om opprydding av 12.05.2020, med frist for opprydding 15.06.2020, og med nye, utsette fristar til høvesvis 01.08.2020 og 04.09.2020 i våre brev av 26.06.2020 og 01.08.2020. I førehandsvarselet ber me om tilbagemelding om at retting er gjort. Alver kommune har ikkje motteke tilbagemelding om at retting er utført innan den siste fristen.

Den 25.10.2016 gav Meland kommune byggeløyve for oppføring av fritidsbustad på gbnr. 336/96 (tidlegare 36/96 i Meland kommune) med bruk av brakker. I pålegg datert 20.06.2017 stilte kommunen krav om uavhengig kontroll for følgjande: PRO grunnarbeid og tømrrarbeid og UTF montering av bærande metall- og betongkonstruksjonar og tømrrarbeid. I vedtak datert 23.06.2017 vart det gitt pålegg om stans av arbeid og sikring av byggeplassen. Ansvarleg søkjar trakk seg frå prosjektet i brev datert 23.01.2018.

I skriv av 04.09.2019 har kommunen sendt ut førehandsvarsel med pålegg om å fjerne påbegynt tiltak samt ilegging av tvangsmulkt. Dette skrivet står ubesvart.

Arbeidet med oppføring av fritidsbustad har vore innstilt i meir enn 2 år etter at det vart gitt stoppordre på eigedomen – gbnr 336/96 - i vedtak datert 23.06.2017 i sak 16/2137 i tidlegare Meland kommune. Dette inneber at løyvet er gått ut og at de ikkje har gyldig byggeløyve til å fortsette prosessen.

### **Grunngjeving for pålegg om rydding og ilegging av tvangsmulkt**

Etter plan- og bygningslova (pbl) § 32-1 skal kommunen forfølgje overtredelsar av føresegner gitt i eller i medhald av plan-og bygningslova.

Det følgjer av pbl § 21-9 tredje ledd andre setning at viss arbeidet på eit tiltak vert innstilt i meir enn 2 år, kan kommunen krevje at tiltaket vert fjerna og eigedomen rydda.

Ettersom det vart gitt stoppordre på eigedomen i vedtak datert 23.6.2017, har arbeid på ditt tiltak vore innstilt i meir enn 2 år. Dette inneber at tiltaket slik det står i dag er i strid med plan- og bygningslova.

### **Kva kan de gjere for å rette opp det ulovlege tilfellet?**

Rettar de opp det ulovlege tilfellet, kan de unngå tvangsmulkt. Det kan skje på følgjande måtar:

1. Påbegynt byggetiltak på gbnr. 336/96 skal fjernast og eigedom tilbakeførast til slik det var opprinneleg.

Det vert sendt inn skriftleg stadfesting **innan den 20.03.2021** om at påbegynt bygg er fjerna og at området er rydda.

Dersom kommunen innan **20.03.2021** ikkje har motteke ei skriftleg tilbakemelding og biletedokumentasjon frå dykk med opplysningar om at det ulovlege tiltaket er retta, vil vedtaket tre i kraft.

### **Andre opplysningar**

Pålegg om tvangsmulkt er tvangsgrunnlag for utlegg, jfr. tvangsfullbyrdelseslova § 7-2. Tvangsmulkta kan inndrivast utan opphald av Statens innkrevingsentral.

Den som unnlet å treffe tiltak som han er pliktig til etter plan- og bygningslova § 32-3, kan straffast med bøter eller med fengsel i inntil 1 år i følgje pbl. § 32-9, jf. eller ilegging av overtredelsesgebyr etter pbl. § 32-8 bokstav i.

### **Tilbakemelding**

Når retting er utført, må eigar sende inn dokumentasjon for utført arbeid og returnere det til kommunen innan den nemnde fristen. Legg ved biletedokumentasjon som syner at området er rydda.

Dokumentasjon og bilete sendast til:

E-post [post@alver.kommune.no](mailto:post@alver.kommune.no)

Brev Alver kommune, postboks 4, 5906 Frekhaug.

**Aktuelt regelverk:**

- Kommunen sin plikt til å følgje opp ulovlege tilstandar følgjer av plan- og bygningslova kapittel 32.
- Kommunen si plikt til å førehandsvarse eventuelle vedtak følgjer av plan- og bygningslova § 32-2.
- Vår rett til å gje pålegg følgjer av plan- og bygningslova § 32-3 fyrste ledd.
- Vår rett til å vedta tvangsmulkt følgjer av plan- og bygningslova § 32-5.
- Vi kan gje førelegg etter plan- og bygningslova § 32-6.
- Vi kan gje lovbrotsgebyr etter plan- og bygningslova § 32-8 fyrste ledd.
- Plikt til å søke om tiltaket framgår av plan- og bygningslova (pbl.) § 20-2 jf. § 20-1, første ledd, bokstav a)
- Det følgjer av pbl § 21-9 tredje ledd andre setning at viss arbeidet på eit tiltak vert innstilt i meir enn 2 år, kan kommunen krevje at tiltaket vert fjerna og eigedomen rydda.
- Krav til førehandsvarsling av pålegg følgjer av forvaltningslova § 16.
- Dykkar rett til å klage på vedtaket følgjer av forvaltningslova § 28.

Dersom de har spørsmål til saka, kan de ta kontakt med sakshandsamar på telefon: tlf. 5637 6000 eller på epost.

Pålegg om tvangsmulkt er tvangsgrunnlag for utlegg, jfr. tvangsfullbyrdelseslova § 7-2. Tvangsmulka kan inndrivast utan opphald av Statens innkrevingsentral.

**Mynde**

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 5-3, 3.ledd og gjeldande delegeringsreglement.

**Klage**

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentlig forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Føretak som har fått avslag på søknad om ansvarsrett har særskilt rett til å klage over dette vedtaket.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 20/8792

Med vennleg helsing  
Alver kommune

Siril Therese Sylta  
Avdelingsleiar

Astrid Riise  
rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Vedlegg:**

Utsatt frist for tilbakeføring og rydding - gbnr 33696 Ådland nordre

Svar på førespurnad om utsatt frist for tilbakeføring og rydding - gbnr 33696 Ådland nordre

Varsel om pålegg om tilbakeføring og rydding og tvangsmulkt - gbnr 336/96 Ådland nordre

**Kopi til:**

Åse-Helen Holm

Nordstrandvege 5265  
n 6

YTRE ARNA

**Mottakarar:**

Tekniske Løsninger AS

Nordstrandvege 5265  
n 6

YTRE ARNA